

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 96/2021

2024/EØS/5/09

av 19. mars 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1373 av 1. oktober 2020 om godkjenning av sinkkelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1379 av 1. oktober 2020 om godkjenning av L-cystin framstilt av *Pantoea ananatis* NITE BP-02525 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1560 av 26. oktober 2020 om endring av vedlegg VI til forordning (EF) nr. 152/2009 om fastsettelse av analysemetoder for bestemmelse av bestanddeler av animalsk opprinnelse i forbindelse med offentlig kontroll av fôr⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 5) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 31o (kommisjonsforordning (EF) nr. 152/2009) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32020 R 1560:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1560 av 26. oktober 2020 (EUT L 357 av 27.10.2020, s. 17).”

2. Etter nr. 373 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1510) skal nye nummer lyde:

”374. **32020 R 1373:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1373 av 1. oktober 2020 om godkjenning av sinkkelat av lysin og glutaminsyre som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 319 av 2.10.2020, s. 15).

375. **32020 R 1379:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1379 av 1. oktober 2020 om godkjenning av L-cystin framstilt av *Pantoea ananatis* NITE BP-02525 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 319 av 2.10.2020, s. 36).”

⁽¹⁾ TEU L 319 av 2.10.2020, s. 15.

⁽²⁾ TEU L 319 av 2.10.2020, s. 36.

⁽³⁾ TEU L 357 av 27.10.2020, s. 17.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/1373, (EU) 2020/1379 og (EU) 2020/1560 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 20. mars 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 19. mars 2021.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.